



SAMSPEL: Ein menneskeball kjem til uttrykk gjennom lek og vilter akrobatikk.

Sol frå Bagn står høgt

Sol Kjøk frå Bagn har late kunsten vise veg og har no slege rot i New York der ho har etablert galleriet. NO

Sol forlét Bagn etter vidaregåande. Ho har utdanning frå Sorbonne i Paris, Universitæt Wien, Universidad Nacional i Medellín, University of Cincinnati og Par-

sons School of Design i New York.

– Bagne betyr fengsel på fransk og var på ein måte skildrande for korleis eg kjende tilhøva. Eg las om kunstnarar verda over og bestemte meg for å reise til Paris. Miljøet og språket fascinerte på ferietur i Frankrike og eg fann ut at dette var plassen å reise for å utvikle seg som kunstnar, seier Sol Kjøk.

Lov å vera annleis

No kjenner Sol seg aller mest heime når ho er i New York. Fleire delar av personlegdomen hennar kjem til uttrykk her.

– For meg er det beste med NYC at det finst så utruleg mange forskjellige typar

folk her. Eg har alltid hatt mange sære interesser, og under oppveksten i Valdres syns eg det var stussleg at eg nesten aldri hadde nokon å dele dei med. Her i byen kan eg alltid finne likesinna. Like inspirerende er det å stadig møte menneske som har valt andre måtar å leve på. Dette breie spekteret av moglegheiter, til å finne sin rette plass i livet, er veldig tiltalende for meg. I Norge derimot, opplever eg ofte at det berre finst éin gyldig mal ein må rette seg etter.

Som Shakespeare sa: What is the city but the people? Her i NYC har eg moglegheita til å treffe utruleg interessante personar kvar einaste dag, og får også prakti-

sert alle framandspråka mine i dagleglivet.

Lurte seg inn på universitet

Etter utdanninga ved Sorbonnet i Paris, gjekk turen vidare til Wien og skulen til eit av førebileta, Egon Shiele.

– Det eg ikkje visste var eit ein måtte ta opptakseksamen på våren. Eg kom på hausten og det betydde at eg eigentleg ikkje kunne byrje ved skulen. Likevel møtte eg opp og gjennomførte dei ulike førelesingane og teikna modellane som ein vanleg student. Dette fekk diverre ein brå slutt då ein professor kom bort til meg og byrja å stille spørsmål. Til slutt kunne

**KRAFTFULLE
UTTRYKK:** Sol
Kjøk gjev energi
til mennesket
og forsterkar
menneskelege
uttrykk.



**ARBEID
I STUDIO:**
Det visuelle
uttrykket vert
skapt gjennom
rørsle og jakta etter
dei spesielle kjenslene.
Foto: Gisella Sorentino



**QUEMADO POR LARGOS
RAYOS ROJOS:** Brent av
lange raude stråler er
menneska knyta saman.



ARBEIDSPLASSEN: Her er Sol sitt studio i New York.

i New York

eg ikkje bløffe meir og eg vart kasta ut midt i ein førelesing og sett på gata. Uansett fekk eg tre gode månader ut av opphaldet og lærte veldig mykje.

Etablerar eige galleri

No er Sol Kjøk veldig travel med utstillingar på galleriet.NO. Denne unike sjansen fekk ho gjennom kjenningar i byen og galleriet har fått ein god start i kunstmetropolen.

– Eg kunne ikkje la denne sjansen gå frå meg. Galleriet ligg i eit av dei mest populære kunstnardistrikta i New York og eg hadde tre dagar på meg til å etablere eit prosjekt. Dette gjekk over all forventning

og no går det veldig bra med utstillingane. Galleriet skal huse norske kunstnarar som vi ynskjer å vise fram for den amerikanske marknaden.

Genuint uttrykk

Sol har etter kvart vorte ein kunstnar som ein kan kjenne att ved å sjå verka hennar. Uttrykket er spesielt og mennesket er sjølve livsnerven i kunsten.

– Teikningane og måleria mine er visuelle uttrykk av langvarig og komplisert jobbing i studio. Det heile er på fleire måtar eit ynske om å skape ei openbering kring røynda. Prosessen byrjar med å drive simpel akrobatikk i studio der eg og model-

lane mine klatrar tau, heng i tau frå taket, balanserer på ballar og berre slenger kroppane våre rundt i mange ukomfortable posisjonar. Det er avgjerande at denne fysiske delen kjem til uttrykk i bileta. Ein skal sjå hud mot hud, risiko for skader og fysisk kontakt. Styrke og svakheit er menneskelege kjensler som eg vil uttrykke.

– Ta sjansen!

Sol har heile livet vore oppteken av å ta sjansar.

– Eg har teikna så lenge eg kan hugse. Heilt sidan eg var liten, var det biletkunstnar eg ville bli. Det er rett og slett det eg li-

ker aller best å halde på med. Så eit anna yrke var eigentleg aldri noko reelt alternativ. Når det gjeld å ta sjansen, så er det jo akkurat det eg utforskar i bileta mine også: risiko - faren for skade og at det kan gå veldig gale, kontra fridomen og gleda som ligg i spranget.

Trond Rogne

trond@avisa-valdres.no

40632107